



IEC-HUS AS
Smålonane 2
5353 STRAUME

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2893 - 15/34224

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
13.11.2015

Løyve til utslepp- gbnr 194/39 og 51 Mundal nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 511/15

Tiltakshavar: Jan P. Løkkebø Samuelsen og Merethe C. Hagewick-Samuelsen
Ansvarleg søkjer: IEC-HUS AS v/Karl Petter Aass
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve i samband med søknad om oppføring av einebustad på gbnr 194/39 og 51. I forbindelse med oppføring av einebustad på gbnr 194/39 og 51, skal det gravast ned og plasserast ein slamavskiljar på denne eigedomen. Slamavskiljaren er dimensjonert til 10 pe og skal vere felles for gbnr 194/39 og 51 samt gbnr 194/34. Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar av typen SL-73, som einaste reinsetrinn, før det vert ført vidare i felles avlaupsleidning til sjø. Gbnr 194/34 har sendt inn sin eigen søknad om utslepp.

Det vert elles vist til søknad om utslepp motteke 10.12.2014 og seinast supplert 16.10.15.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden om utslepp var ikkje komplett når den var mottatt den 10.12.2014. Trong for tilleggsmasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 28.01.2015 og seinast 16.09.2015, der følgjande dokumentasjon vart etterspurt:



1. *Kva slags anlegg som skal etablerast.*
2. *Nabovarsel for utsleppsløyve*
3. *Situasjonsplan som viser heile VA -anlegget fram til utsleppstaden samt plassering og storleik for slamavskiljaren.*
4. *Situasjonsplan som viser eksisterande leidningar og kva fornye leidningar som skal leggjast ned i grunnen.*
5. *Dokumentasjon på at gbnr 194/51 har rett til å leggje nye leidningar fram til fellesleidninga og å kunne nytte denne.*
6. *Kor langt ut i sjø fellesleidninga går og kor djupt han går.*
7. *Kor mange bueiningar eksisterande fellesleidning er godkjent for og kor mange bueiningar som brukar denne.*
8. *Dokumentere at fellesleidninga har tilstrekkelige dimensjonar for det samla utsleppet og at leidning er intakt langs heile strekninga.*
9. *Storleiken på utslippet i pe.*
10. *Kva for brukarinteresse det er i området.*
11. *Søknad om dispensasjon frå plankravet.*

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.10.2015 og frist for handsaming etter forurensingsforskrifta § 12-5, er 6 veker frå denne dato.

Pkt. 1: Reinseløysning

Kloakkutsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar av typen SL-73 som einaste reinsetrinn. Anlegget tilfredsstillar NS-EN 12566-1, jf. forurensingsforskrifta § 12-10. Anlegget har eit våtvolum på 7m³ med 3 kammer. Dette tilfredsstillar VA/Miljøblad -48 med 2 bustader med klosett og avløp med våtvolum på 7m³ og tre kammer.

Pkt. 2: Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Pkt. 3 og 4: Plassering og situasjonsplan

Plassering av slamavskiljar og utsleppsstad i sjø er vist i situasjonsplan/kart i målestokk 1:1000, datert 16.05.2014. Situasjonsplanen viser eksisterande hovudavlaupsleidning (teikna med grønt) samt eksisterande stikkeleidningar frå gbnr 194/34 og 195/48 og ny stikkeleidning frå gbnr 194/51 (teikna med oransje). Både eksisterande avløp og nytt avløp er teikna inn.

Situasjonskart, 16.05.2014



Pkt. 5: Privatrettslige tilhøve

Eigar av fellesleidninga, gbnr 194/19, Terje Håkon Hagesæther, har inngått «Avtale for tilkopling av kloakkledning» med tiltakshavar, gbnr 194/51.

Til pkt. 6 og pkt. 8: Felles avlaupsledning

Hjelmås VVS as har gitt ei uttale i brev av 22.09.15:

Søknad om utslipp for GBNR 194 / 51, Mundal nedre.

Terje H. Hagesæter, gbnr 194 / 19, eier av utslippsledning til sjø har gitt Merethe C. Hagewick – Samuelsen.

Flere av naboene i området er allerede koblet til denne utslippsledningen.

Slik jeg vurderer det så er resipienten i området god, og utslippsledningen har tilstrekkelig dimensjon til at flere kan koble seg på.

Jeg ser for meg følgende utslippsløsning for denne eiendommen:

- Slamavskiller der alt avløpsvann kobles til og føres frem til felles utslippsledning med naboeiendommen, se forslag skissert på vedlagte kart og dokumentasjon på slamavskiller.

Vi har kontrollert utslippsledningen og finner den i orden.

Utslippsledningen er en ø110mm plastledning med loddbelastning i sjø og ført ut på tilstrekkelig dybde, ca. 15meter.

Vedlegg.

Avtale om rett til å koble seg til utslippsledning til sjø.

Oversikt over eiendommer tilkoblet utslippsledningen.

Kart med inntegnet trase frem til fellesledning og videre i sjø.

Hjelmås VVS stadfester at resipienten i området er god. Fellesleidinga har tilstrekkeleg dimensjon til at fleire kan koble seg på. Firmaet har kontrollert utsleppesleidinga og har funnet den i orden, dvs. at leidinga er vurdert å være intakt langs heile strekninga. Utsleppesleidinga har loddbelastning i sjø. Hjelmås VVS vurderar at leidinga er ført ut på tilstrekkelig djupne, ca 15 meter.

Pkt. 7: Antall bueiningar eksisterande fellesleiding er godkjent for og kor mange bueiningar som brukar denne.

Ansvarleg søkjar har ikkje opplyst kor mange bueiningar eksisterande fellesleidinga er godkjent for.

Ansvarleg søkjar har sendt inn «Oversikt over allerede påkoblede på fellesledningen». På denne bakgrunn vert det lagt til grunn at samla utslepp er mindre enn 50, jf. forurensingsforskrifta § 12-1. Søknaden om utsleppsløyve kan såleis handsamast etter forurensingsforskrifta kapittel 12.

Pkt. 9: Storleik på utslippet

Storleiken til utsleppet er ikkje opplyst, men dimensjonert for 10 pe.

Pkt. 10: Brukarinteresser

Visse typar interesse og bruk kan utelukke andre fordi dei påverkar vass- og naturkvalitet, tilgjengelegheit og tilrettelegging, jf. forurensingsforskrifta § 12-9. Ansvarleg søkjar har ikkje opplyst om brukarinteresse i området.

Pkt. 11: Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til bustadføre mål. Det er gitt dispensasjon frå punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen, som gjeld plankrav for både deling og bygging, i vedtak datert 02.04.2014. Dispensasjonen gjaldt både deling av gbnr 194/34 til gjeldande eigedom gbnr 194/39 og 51 samt oppføring av ein bustaden på den nye frådelte tomta:

- Med heimel i pbl §19-2 gjev Lindås kommune dispensasjon frå pkt.1.1 i dei generelle føresegnene til kommuneplanen, om at bygg og anlegg skal inngå i reguleringsplan før det vert gjeve løyve til tiltak etter pbl § 20-1. Dette gjeld både bygging og deling.

Drift og vedlikehald

Eigedomane skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga. Det er eit vilkår at slamtømming er mogleg på ordinære vilkår. Slamavskiljarar tilknytt bustader eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for bustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova. Tiltaket vert handsama som del av søknaden om løyve til oppføring av bustad.

VURDERING

Pkt. 1: Reinseløysning

Avlaupsanlegget tilfredsstillar NS-EN 12566-1, jf. forurensingsforskrifta § 12-10. Reinseløysinga tilfredsstillar krava til utsleppsstad i mindre følsamt område, jf. forureiningsforskrifta kapittel 12.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til slamavskiljar av typen SL-73 som einaste reinsetrinn.

Då felles utslippeidning allereie er plassert i sjø, må det ikkje liggje føre godkjenning etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk.

Pkt. 3 og 4: Plassering og situasjonsplan

Plassering av anlegg og nytt avløpsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 16.05.14 då den viser brukarane nedstrøms.

Før bruksløyve ert det stilt vilkår om innsending av situasjonsplan som viser heile VA anlegget frå startpunkt og fram til utslippstaden for alle brukarane. Den skal også vise plassering og storleik for slamavskiljaren.

Det er ikkje opplyst kor langt ut i sjø fellesleidninga går. Ein føreset at den er plassert langt nok ut i sjøen.

Pkt. 5: Privatrettslige tilhøve

Dei privatrettslige tilhøva er stetta ved at eigar av fellesleidninga har gitt sin godkjenning for påkopling.

Til pkt. 6 og pkt. 8: Felles avlaupsledning

Ein føreset i løyve at utslippsleidinga er tett samt at den har tilstrekkeleg kapasitet for å ta imot avløp fra samla antall einingar, slik Hjelmås VVS har stadfesta.

Pkt. 7: Antall bueiningar eksisterande fellesledning er godkjent for og kor mange bueiningar som brukar denne.

Før bruksløyve vert det sett vilkår om ein fullstendig oversikt over kor mange bueiningar eksisterande fellesleidinga er godkjent for og kor mange bueiningar som brukar denne.

Pkt. 9: Storleik på utsleppet

Storleiken til utsleppet er ikkje opplyst. Det er ein føresetnad at storleiken til utsleppet følgjer minimumskravet for 10pe for to bustader.

Pkt. 10: Brukarinteresser

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Det er ikkje registrert nokon særlege interesser i området rundt Maurholdet.

Pkt. 11: Planstatus

Dispensasjon frå plankravet er gyldig i tre år frå 02.04.2014 og er framleis gyldig pr. dags dato.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 1 bustad, inntil 5pe, for utslepp frå slamavskiller av typen SL-73 til felles avlaupsledning i samsvar med søknad mottatt 10.12.14 og på følgjande vilkår:

- 1. Avlaupet frå einebustad på gbnr 194/39 og 51 samt einebustad gbnr 194/34 skal reinsast i felles slamavskiljar for desse to eigedomane. Det er ein føresetnad at eksisterande fellesledning er i tilfredsstillande stand.**
- 2. Avlaupet frå eigedomane skal førast til felles avlaupsledning slik vist på kart datert 16.05.2014, mottatt 16.10.2015, der eksisterande avløp og nytt avløp er vist.**
- 3. Gbnr 194/39 og 51 som er knytt til slamavskiljaren skal betala årleg gebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- 4. Gbnr 194/39 og 51 skal knytast til offentleg godkjend avlaupsledning eller anna fellesledning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp <50 PE	1	Kr 5 600,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 600,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2893

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jan P. Løkkebø Samuelsen og
Merethe C. Hagewick-Samuelsen

Mottakarar:

IEC-HUS AS

Smålonane 2

5353

STRAUME